

Vedlegg 3:

Samandrag av *Læremiddelforskning etter LK06 – eit kunnskapsoversyn, med kommentar*

Kunnskapsoversikta blei publisert i 2010. Oppdraget var å gå igjennom forskning som gjaldt tre tema: (1) val, vurdering og bruk av læremiddel, (2) digitale læremiddel og (3) læremiddel og tilpassa opplæring. Oversikta handla om læremiddel i alle fag, og det er ikkje lagt spesielt vekt på norskfaget i rapporten.

Eit hovudfunn var at det på det tidspunktet var produsert *lite* forskning innanfor alle dei tre hovudområda etter LK06.

Oppsummering frå samandraget av rapporten:

Det finst lite forskning som kan kaste lys over korleis læremiddel vert valde. Tidlegare forskning tyder på at mykje er delegert til lærarteam, og at val av læremiddel ikkje er ein systematisk og leiarstyrt prosess. Strukturelle endringar i læremiddelsituasjonen i vidaregåande opplæring saman med bortfallet av godkjenningsordninga i år 2000, kan ha endra på dette. Når det gjeld korleis dei grunnleggjande ferdigheitene er synlege i dei læremidla som er utvikla etter LK06, er dette varierende, og det er lite systematikk og progresjon i korleis læremidla hjelper lærarane til å arbeide med dei grunnleggjande ferdigheitene, først og fremst lesing og skrivning, i alle fag. Med omsyn til læremiddelbruk viser forskning både før og etter LK06 at læreboka framleis står sterkt i norske klasserom, at det er lite arbeid med lesing og med tekstane læreboka, og at individuelt arbeid med oppgaver initiert på arbeidsplanar har stor plass.

Når det gjeld digitale læremiddel, tar rapporten opp kvalitet i digitale læremiddel, samspel mellom analoge og digitale læremiddel og tilrettelegging for arbeid med grunnleggjande ferdigheiter. Ein konklusjon er det er lite forskning som gjeld vurdering av digitale læremiddel i høve til bruk i praksisfeltet, og koplinga til læreplanen er svakare enn når det gjeld analoge media. Det er heller ikkje mykje forskning på samspelet mellom analoge og digitale læringsressursar. Det kan sjå ut til at dette samspelet vert overlata til einskildlærarar og til læremiddelprodusentane. Når det gjeld forskning på digitale læringsressursar som kan fremje arbeidet med dei fire andre grunnleggjande ferdigheitene, finst det ein del utprøving med tilhøyrande følgjeforskning både nasjonalt og internasjonalt. Punktet om tilpassa opplæring tar særleg opp situasjonen for minoritetsspråklege elevar. Både undersøkingar før og etter LK06 viser at denne elevgruppa nyttar dei same læremidla som medelevene.

Når det gjeld korleis det kulturelle mangfaldet i samfunnet vert avspegla i læremidla, ser det ut til at det er blitt meir medvit om dette dei siste åra., Læremiddelutviklarane sine forsøk på å legge til rette for tilpassa opplæring gjennom variasjon i arbeidsmåtar og differensiering ser i liten grad ut til å vere systematisk og gjennomgåande, men her finst det lite forskning. Når det gjeld samanhengen mellom fråfallet i vidaregåande skole og vanskeleg tilgjengeleg lærebøker, er dette førebels ikkje systematisk undersøkt (Juuhl, Hontvedt & Skjelbred, 2010, s. 2).

Når det gjeld temaet val, vurdering og bruk av læremiddel, er det grunn til å tru at mykje har endra seg, i og med at det dei siste to–tre åra er innført nettbrett til alle elevar i grunnskolen i mange kommunar. Truleg har denne situasjonen ført til at valet av læremiddel i større grad blir gjort av skoleeigarane, sidan det gjerne er dei som kjøper lisensar til ulike digitale læremiddel. Dette spørsmålet blir undersøkt av det pågåande forskingsprosjektet «DigiHand» i regi av Universitetet i Stavanger og Høgskulen i Volda.

Det kan også vere at spørsmålet om implementering av grunnleggande ferdigheiter i læremidla ser annleis ut etter både Kunnskapsløftet 2013 og Fagfornyinga 2020 enn det gjorde så kort tid etter Kunnskapsløftet 2006.

Ein konsekvens av endringa i den digitale situasjonen i grunnskolen er truleg at situasjonen når det gjeld både kvalitet, bruk og vurdering av digitale læremiddel (spørsmål 2 i rapporten), er ganske annleis i 2020 enn han var i 2010 – særleg i grunnskolen.

Når det gjeld kva som kan trekkast ut av rapporten som kan vera relevant for arbeidet med kvalitetskriterium i norsk og engelsk, blir det vist til rapporten *Kvalitetskriterium for digitale læremiddel* (Senter for IKT i utdanninga, 2012). Rapporten er også vist til i *Kunnskapsgrunnlag for kvalitetskriterium for læremiddel i matematikk* (Svingen & Gilje, 2018) og sett inn i ein større diskusjon der. Eit interessant punkt er at i *Kvalitetskriterium for digitale læremiddel* frå IKT-senteret er kravet om parallellutgåver av læremiddel på nynorsk og bokmål gruppert under «tekniske kriterium», i *Kunnskapsgrunnlag for kvalitetskriterium for læremiddel i matematikk* er det tilsvarende kravet gruppert under «design», men det er ikkje formulert eit eksplisitt krav om språklege parallellutgåver på nynorsk og bokmål, og det er ein mangel. Denne plasseringa vil vere rimeleg i mange fag, men i norskfaget er både målform og språkleg kvalitet på ein annan måte ein del av det sentrale innhaldet i faget, sidan faget, og derfor læremidla, har i oppgåve å lære elevane å lese og skrive både hovudmålet og – etter kvart – sidemålet. I engelsk vil truleg målform vere ein teknisk kvalitet, medan ein kan sjå på språkleg kvalitet som ein del av den didaktiske kvaliteten.

Juuhl, G.K., Hontvedt, M. & Skjelbred, D. (2010). *Læremiddelforskning etter LK06: eit kunnskapsoversyn*. Tønsberg: Høgskolen i Vestfold. Henta frå https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2010/5/laremiddelforskning_lk06.pdf

Senter for IKT i utdanninga (2012). *Kvalitetskriterier for digitale læringsressurser*. Senter for IKT i utdanninga. Henta frå <https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2012/kvalitetskriterier-diglaring-no.pdf>

Svingen, O. & Gilje, Ø. (2018). *Kunnskapsgrunnlag for kvalitetskriterium for læremiddel i matematikk*. Utdanningsdirektoratet.